



UNIVERSITETET I OSLO

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

Landbruks- og Matdepartementet
Postboks 8007, Dep.
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnummer	2005/1215-105
Mottatt:	- 7 OKT 2005 ASR/ASRL
Saksbehandler	IEK
Arbeidsnummer	482
Kopier	

Biologisk institutt
Postboks 1066, Blindern
0316 Oslo

Kristine Bonnevie's hus
Blindernveien 31

Telefon: 22 85 84 93
Telefaks: 22 85 47 26
www.bio.uio.no

Deira ref: 200501215-/BHJ
Vår ref:

Blindern: 5. oktober 2005

Høyringsvar – Forskrift om berekraftig skogbruk

Generelt kan vi seie at mengda av gamalskog og annen urøyrd skog har gått sterkt tilbake dei siste 100 åra. Hovudgrunna er det moderne skogbruket med flatehogst, bruk av framande treslag, maskinmessig avverking med meir. Eg har lest det framlagte forslaget til "Forskrift for berekraftig skogbruk" og vil konsentrere meg om kapittel 2. Miljøomsyn. Eg tykkjer at omsynet til biologisk mangfald verkar vagt og ikkje omfattande nok til at skogsektoren kan nå målet som er satt til 2010.

§ 2-1 Hovudprinsipp

Her står: "Ved gjennomføring av skogbrukstiltak skal det takast nødvendige omsyn til biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og kulturverdiar..." Kva meines med "nødvendige omsyn"? Dette er ikkje klart verken i denne paragrafen eller dei etternemnde paragrafane. Biologisk mangfald blir òg sidestilt på linje med verdiar som friluftsliv med meir. Eg tykkjer at biologisk mangfald er så viktig at det må framhevast separat. Ein må ha klårare reglar for kva som skal gjerast og kva som ikkje skal gjerast. Eg vil difor slutte meg til SABIMA sitt forslag til endring: "Ved gjennomføring av skogbrukstiltak skal det kunne dokumenterast at tiltaket ikkje gjer høva ringare for biomangfaldet, samt takast nødvendige omsyn til friluftsliv, landskap og kulturverdiar i samsvar med skogbrukslova sine føresegner."

§ 2-2 Miljødokumentasjon og miljøregistreringar

Eg sluttar meg til storparten av innhaldet her, men vil påpeke at dei tiltaka som er nedfelte i Levende skog sine standardar er omdiskuterte blant biologane. Registreringane etter Levende skog standardane er ofte utført utan biologisk kompetanse. Etter mi meining må det stå i klårtekst at personell med *naturfagleg kompetanse* skal vurdere effektane på miljøet.

§ 2-3 Miljøomsyn ved skogbrukstiltak

Her kjem ei rekkje detaljerte omsyn til viktige livsmiljø, livsløptre, hogstføring, kantsoner, grøfting, treslagsskifte med meir. Til dette har eg ikkje meir å tilføre enn dei råda og forslaga til endringar som SABIMA framfører. Eg sluttar meg til desse.

Med helsing
Klaus Høiland
Klaus Høiland
professor